



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/182 - 19/5617

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
11.03.2019

## Godkjenning - GBNR 23/526 - Løyve til oppføring av fortau med leidningar, samt oppføring av mur - Frekhaug

### Administrativt vedtak. Saknr: 57/2019

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til oppføring av fortau, plassering av vass- og avlaupsleidningar og oppføring av mur, samt utvida bruk av eksisterande avkøyring frå gbnr. 23/50 og 23/401 til bruk for gbnr. 23/50.



#### Postadresse


postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 27.2.2019.

## VURDERING:

### Nabovarsling:

Tiltaka vart nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, den 9.1.2019. Jarle Hvidsten sendte inn merknad i e-post den 28.1.2019 og 10.2.2019.

I e-post den 28.1.2019 skriv Hvidsten at det hadde vore betre om ein laga fortau på motsatt side av vegen. Det verkar lite samanhengande om ein lagar ein ny gang- og sykkelveg på sørsida av vegen, og nytt fortau på nordsida av vegen, slik at alle som skal krysse vegen må gå over vegen utan gangfelt. Fortauet burde lagt på same sida som gang- og sykkelvegen. Då ville ein også fått betre sikt i avkøyringa til Mjåtveitvegen 27 og 25, som i dag ikkje har sikt. Det bør også bli laga fartsdempande tiltak. Tiltaket som er omsøkt vil ikkje betre tryggleiken for gåande, og verkar lite gjennomtenkt.

Ansvarleg søkjar svarte på merknaden i e-post den 5.2.2019, og skreiv at det er to hovudgrunnar til at fortauet vert lagt på nordsida av vegen. Det er planlagt nytt fortau frå Danielsen skule og folkehøgskulen, som skal liggje på nordsida av vegen. Det er ønskjeleg å knytte desse saman slik at fortauet vert samanhengande på same sida av vegen. Då vil det verte eit samanhengande fortau på same sida i store delar av Mjåtveitvegen, som får eit naturleg kryssingspunkt til motsatt side ved parkeringsplassen på Vardnappen. Vidare er det lettast å opparbeide fortauet på nordsida av vegen. Skulle ein lage fortauet på sørsida ville det omfatte oppbygging av mur grunna bratt terreng, større naturinngrep, mogleg riving av garasje og teknisk vanskelegare å lage ny avkøyring for Mjåtveitvegen 25. Vurderinga til ansvarleg søkjar er dermed at å forlengje fortauet på same side av vegen vil vere den mest hensiktsmessige løysinga på bakgrunn av trafikktryggleik, då ein får ivareteke tilknytninga mellom Havnevegen og Danielsen skule/folkehøgskulen.

I e-post den 10.2.2019 spør Hvidsten om det er planen å snevre inn vegen på sørsida. Det er eit problem med hans avkøyring til Mjåtveitvegen 27 at vegen er plassert heilt oppi muren, og at det dermed er fare for ulykker når dei skal ut i vegen. Vidare spør han om det er planlagt fotgjengerovergang til parkeringsplassen. Han viser til at det i dag er fleire hundre personar som kryssar vegen til parkeringsplassen og vidare til gangvegen kvar dag. Han viser også til at han fleire ganger har klaga på trafikktilhøva i området, og finn det difor rart at kommunen ikkje går i dialog om kva ein tenkjer og planlegg.

Ansvarleg søkjar svarte på merknaden i e-post den 11.2.2019. Det er ikkje tenkt å snevre inn vegen forbi Hvidsten sin eigedom. Fotgjengerovergang er ikkje ein del av søknaden, då dette er ei sak for kommunestyret eventuelt.

#### Lov- og plangrunnlag:

Området er omfatta av Reguleringsplan for Frekhaug aust, planid: 125619930624. Fortauet er omsøkt på eit areal som er sett av til gang- og sykkelveg/fortau i reguleringsplanen, og muren er omsøkt plassert på eit areal som er sett av til byggeområde for einebustadar.

Oppføring av fortau og mur, samt plassering av vassleidning er «tiltak» etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), og er i utgangspunktet søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-3 bokstav a) legg til grunn at regulerte offentlege veganlegg ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Rettleiaren til føresegna legg til grunn at dette også gjeld blant anna fortau. På bakgrunn av dette er opparbeiding av gang- og sykkelvegen/fortauet ikkje søknadspliktig etter pbl kapittel 20. Omsøkt plassering er i samsvar med regulert plassering, og administrasjonen finn dermed ikkje grunnlag for å vurdere merknadane frå Hvidsten nærare, som utelukkande er knytt til plassering av fortauet.

Oppføring av mur på eit areal som er sett av til byggeområde for einebustadar, er i samsvar med regulert arealformål.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand frå nabogrenser, jf. andre ledd.

For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. Ettersom omsynet til branntryggleik, lys og luft kan få betydning for oppføring av ein mur med gjerde, gjer avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd seg gjeldande ved vurdering av plassering av muren.

Muren er omsøkt med ei plassering nærare nabogrensa mot gbnr. 23/50 og 23/401 enn 4 meter. Ettersom eigar av eigedomane har samtykka til omsøkt plassering i avtale datert 27.1.2019 og 8.2.2019, kan administrasjonen godkjenne omsøkt plassering på muren, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a).

Vassleidningen er omsøkt plassert i fortauet som skal etablerast, og får difor ikkje konsekvensar for branntryggleik, lys og luft. Avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg difor ikkje gjeldande for plassering av omsøkt vassleidning

#### Tilkomst:

Når det gjeld tilkomst følgjer det av pbl § 27-4 første ledd andre setning at avkøyning frå offentlig veg må vere godkjent av vegmynde, jf. veglova §§ 40 til 43.

Det omsøkte tiltaket inneber at eksisterande avkøyning til gbnr. 23/50 vert stengd, og at ein etablerer ny tilkomst til eigedomen via eksisterande avkøyning til gbnr. 23/401.

Endringa krev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyning, jf. veglova § 40 andre ledd.

Den omsøkte endringa inneber at to eksisterande avkøyringar vert samla til ei avkøyring. Dette vert ei betre løysing enn eksisterande, med tanke på trafikktryggleik, I tillegg har eigar av gbnr. 23/401 samtykka til at eigar av gbnr. 23/50 kan nytte eksisterande avkøyring til gbnr. 23/401.

Administrasjonen finn difor grunnlag for å godkjenne utvida bruk av eksisterande avkøyring til gbnr. 23/401, slik at også gbnr. 23/50 kan nytte denne, jf. veglova § 40 andre ledd.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett, journalført motteke 27.2.2019. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### Anna:

Fotgjengerovergang er ikkje ein del av søknaden, så det vert ikkje handsama som ein del av byggesøknaden.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av mur og plassering av vassleidning på gbnr. 23/526, som omsøkt og vist på vedlagte situasjonsplan. Muren skal oppførast i samsvar med vedlagte snitt- og profilteikningar, journalført motteke 27.2.2019.*

*Plassering av vassleidningen skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart - profiler

**Kopi til:**

Jarle Mangerøy Hvidsten	Mjåtveitvegen 27	5918	FREKHAUG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Norconsult AS Avd Bergen	Postboks 1199	5811	BERGEN
	Sentrum		

**Mottakarar:**

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------